



Utval:	Formannskapet
Møtestad:	Kantina, Kommunehuset
Dato:	13.05.2013
Tid:	12:00

Forfall må meldast til utvalssekretær på telefon 71 27 05 00 som syt for innkalling av varamedlemmer. Varamedlemmer møter etter nærare melding.

Kl. 11.30 **Synfaring ”storsalen” på Midsund skule**
Kl. 12.00 **Orientering – ROR v/Dagleg leiar Britt Rakvåg Roald**

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 13/19	Referatsaker	
PS 13/20	Lokale føresegner om spreining av husdyrgjødsel	2013/202
PS 13/21	Forankring av Kunnskapsnett Romsdal i deltakerkommunene	2013/244
PS 13/22	Klagebehandling for Støttnesvegen - Namnsetting av vegar og adressering i Midsund sentrum	2012/250
PS 13/23	Forskrift for tvungen renovasjon i RIR kommunane	2013/236
PS 13/24	Kystlab AS - Utviding av aksjekapital (saka delast ut i møtet)	2013/247
PS 13/25	Husbanken - Låneopptak vidareutlånsmidlar	2013/4
PS 13/26	Årsrapport 2012	2013/239

Midsund, 07.05.2013

Einar Øien
ordførar

Ann Torill Vaksvik
sekretær

PS 13/19 Referatsaker



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2013/202-1

Arkiv:

Saksbeh: Nils Edvin Sanden

Dato: 12.04.2013

Saksframlegg

Lokale føresegner om spreing av husdyrgjødsel

Utvalsak	Utval	Møtedato
13/20	Formannskapet	13.05.2013

Forslag til vedtak:

Midsund formannskap tek framlegget til lokale føresegner om spreing av husdyrgjødsel til vitande.

Framlegget vert lagt ut til offentlig ettersyn før ny handsaming i Midsund formannskap og ev. kommunestyret.

Saksutgreiing:

Lagring og spreing av husdyrgjødsel vert regulert av føresegner om gjødselvarer av organisk opphav. Føresegnene er heimla i jordlova og forureiningslova.

Spreietidspunkt er regulert i § 23 i føresegnene:

Spredning av gjødselvarer av organisk opphav er kun tillatt i perioden 15. februar til 1. november. Det er ikkje tillatt å spre gjødselvarer på snødekket eller frossen mark.

Spredning uten nedmolding/nedfelling på eng og annen grøde bør gjøres så tidlig i vekstsesongen at det er mulighet for betydelig gjenvekst som høstes eller beites, og skal gjøres innen 1. september, dersom ikkje noe annet er bestemt av kommunen iht. tredje ledd.

Kommunen kan på vilkår av at kommunens klimatiske forhold og vannkvaliteten i kommunens vassdrag tillater det, ved forskrift eller enkeltvedtak, tillate en senere frist for spredning uten nedmolding/nedfelling enn 1. september, men ikkje senere enn 1. oktober. Muligheten for endring ved forskrift gjelder likevel ikkje kommunene som ligger innenfor nedbørsfeltet som drenerer til kyststrekninga svenskegrensa-Lindesnes.

Kommunen kan ved forskrift eller enkeltvedtak forby spredning av gjødselvarer som nevnt i 1. ledd i hele eller deler av perioden fra og med 1. september til 1. november i områder med alvorlig forurensing eller fare for alvorlig forurensing.

I Midsund har det vore gjeve dispensasjon frå forbodet mot spreieing på eng etter 1. september som enkeltvedtak på grunnlag av søknader frå brukarane.

Vurdering:

Strukturendringane i husdyrbruket, større besetningar, har medført eit auka behov for lagring av husdyrgjødsel på enkeltbruk og at større mengder gjødsel skal spreieast pr. driftseining. Avstanden mellom driftssenteret og jordbruksareal har auka og medført ein auka i transportbehovet for husdyrgjødsel.

I år med ugunstige tilhøve for spreieing av husdyrgjødsel på ettersumaren, mykje nedbør, har dette ført til at brukarane ikkje har kapasitet til å spreie husdyrgjødsla innan fristen og at dei fleste har hatt behov for dispensasjon.

Tilpasning av lager og transport/spreieingskapasitet vil måtte ta noko tid på grunn av investeringsbehovet.

Det er difor eit behov for å innføre lokale føresegner der fristen for spreieing av husdyrgjødsel på eng/spreieing utan nedmolding vert forlenga til 15. september. Det meste av jordbruksareala i Midsund har avrenning til sjø og ei forlenging av spreieingsfristen vil ikkje medføre fare for alvorleg forureining.

Søknader om dispensasjon for spreieing etter 15. september må handsamast som enkeltsøknader.

Ketil Ugelvik
rådmann

Nils Edvin Sanden
konsulent landbruk

Vedlegg (prenta): Framlegg til føresegner.

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2013/244-1
Arkiv: 026
Saksbeh: Lasse Alexander
Strømme
Dato: 24.04.2013

Saksframlegg

Forankring av Kunnskapsnett Romsdal i deltakerkommunene

Utvalsak	Utval	Møtedato
13/6	Oppvekst- og kulturutval	07.05.2013
13/21	Formannskapet	13.05.2013
	Kommunestyret	

Forslag til vedtak:

- 1) Midsund kommune godkjenner Kunnskapsnett Romsdal som ein samarbeidsarena og eit rådgivande organ for kompetanse- og kvalitetsutvikling i kommunane i regionen som omtala i saksutgreiinga.
- 2) Under føresetnad av at utgifter til 25 % koordinatorstilling ikkje dekkes gjennom skjønnsmidlar tildelt av Møre og Romsdal fylke, godkjennast det at Midsund kommune dekker inntil 3 % av utgiftene til stillingen i perioden 2013-2015 som omtala i saksutgreiinga.
- 3) Ordninga evaluerast innan utgangen av 2015.

Saksutgreiing:

Kunnskapsnett Romsdal er ein regional samarbeidsarena mellom oppvekstavdelingane i disse kommunane: Aukra, Eide, Fræna, Gjemnes, Midsund, Molde, Nesset, Rauma og Vestnes. Med oppvekst meiner her barnehage- og skoleområdet og RPPT (Regionalt PPT)

Følgjande kommunar deltar i RPPT-samarbeidet: Aukra, Eide, Fræna, Gjemnes, Midsund, Molde, Rauma og Vestnes.

Sida 2006 har Kunnskapsnett Romsdal kjøpt koordinatortjenester frå fagseksjon skole Molde kommune i 25 % stilling.

Gjennom tida har stillingen vært finansiert med skjønnsmidlar frå Kommunal- og regionaldepartementet / Møre og Romsdal fylke.

Denne støtta har opphørt og rettes nå mot konkrete tilbod som gjennomføres i regionen/kommunane. Koordinatortjenesta blir finansiert av kommunane sjølv.

Bakgrunn


Frå forankringsdokumentet:

Kommunene i regionen har lang tradisjon for å samarbeide på ulike arenaer og tjenesteområder. Det vises bl.a. til ROR-samarbeidet. Kunnskapsnett Romsdal har i stor grad blitt brukt som et forum for samarbeid og fellestiltak i kompetanseutvikling i barnehage og skole. For skolen kan en spesielt nevne felles kompetanseutviklingstiltak i forbindelse med innføring av nye læreplaner i 1997 og 2006 og seinere i forbindelse med forskriftsendringer på ulike område. For personalet i barnehagene er det største arrangementet Romsdalsk barnehagestevne. Ellers drives det et utstrakt samarbeid om kompetanseutvikling med fokus på kvalitet i barnehagen.

Alle kommunene har forpliktet seg på dette samarbeidet ut 2012 gjennom vedtak i de ulike kommunestyrene. Evaluering viser et klart ønske om å videreføre samarbeidet, men dette må gjøres for en ny periode gjennom politiske vedtak.

Organisering

Fra og med 2009 har Kunnskapsnett Romsdal vært organisert slik:



Kompetansegruppe barnehage består av medlemmer som representerer barnehagemyndighet fra hver kommune.

Kompetansegruppe skole består av medlemmer som representerer skolefagligmyndighet fra

hver kommune.

Arbeidsutvalget er sammensatt av leder og nestleder fra de to kompetansegruppene samt representasjon fra Regional PPT. Arbeidsutvalget legger til rette for arbeidet i kompetansegruppene, foreslår satsingsområder og planlegger regionmøtet (årsmøtet)

RPPT blir ledet av en styringsgruppe som skal legge til rette for organisering og drift av samarbeidet i den interkommunale PP-tjenesten i Romsdalsregionen. Styringsgruppa er sammensatt av lederne av PPT-kontorene og 1 kommunal representant fra hvert PPT-område.

Mål for arbeidet i Kunnskapsnett Romsdal

- Planlegge og gjennomføre etter- og videreutdanningstiltak i regionen for personell både i barnehage og skole
- Utarbeide felles rutiner og retningslinjer som sikrer god kvalitet på sentrale områder
- Kompetanseutvikling gjennom erfaringsdeling og utvidet samhandling/nettverksbygging.

I en tid med sterkt fokus på kvalitet innenfor både barnehage- og skoleområdet, er regionalt samarbeid en styrke. De fleste kommunene i vår region er små, og fagstillingene innenfor tjenesteområdene er på et minimumsnivå. Det blir derfor viktig å komme sammen, utveksle planer, legge strategier og lære av hverandre. Man oppnår også stordriftsfordel ved å samordne økonomiske ressurser.

Fagsamarbeid

Kompetansegruppe skole

Kompetansegruppe skole er en tilsvarende regional samarbeidsarena i Romsdalsregionen som kompetansegruppe barnehage. Kompetansegruppe skole består av kommunene Aukra, Eide, Fræna, Gjemnes, Midsund, Molde, Nesset, Rauma og Vestnes.

Kompetansegruppa møtes til fagsamarbeid en gang per måned. I tillegg er noen av de skolefaglige ansvarlige representert i AU og RPPT. Videre møtes medlemmene i kompetansegruppa i dialogmøter med fylkesmannen der en sammen ser på hvordan styringssignal kan omsettes mest mulig effektivt i Romsdalsregionen. En av gruppas medlemmer, gjerne leder av gruppa, er Romsdalsregionen sin *regionkontakt* opp mot fylkesmannen.

Styringssignal de siste årene har blant annet vært revitalisering av ungdomsskolen, tidlig innsats og effektiv spesialundervisning. Elevene sitt *læringsmiljø*, *læringsresultat*, *overgangen til videregående skole* og *gjennomføring av videregående skole* har, og skal ha, stort fokus. I politikken ser en dette gjerne igjen i form av blant annet kommunene sine tilstandsrapporter.

Fylkesmannen gir klare signaler om forventninger til regionalt samarbeid i fylket, og styrer dette til en viss grad gjennom skjønnsmidler. I 2012 gikk det blant annet ut en del midler fra fylkesmannen til vurderingsarbeid og spesialundervisning, og ikke minst til storprosjektet *Kvalitet i skolen*. Prosjektet skal bidra til å sikre at alle kommuner i regionen innfrir elevene sine rettigheter etter kapt. 9A i opplæringsloven, *elevene sitt skolemiljø*. Prosjektet er initiert av ROR. Kunnskapsnettets ser gevinsten av at hele den politiske og administrative ledelsen i regionen står sammen om å ha fokus på kvaliteten i skolen. Det er med på å legitimere arbeidet i den enkelte kommune og på tvers av alle Romsdalskommunene.

Suksessfaktorene i prosjektet er:

- Prosjektet er forankret på alle skoler, i alle kommuner og i topp-politisk og administrativ ledelse
- Kompetanse som allerede finnes i Romsdalskommunen identifiseres og omsettes til *best practice* for alle kommunene
- Produktet, håndbok/arbeidsverktøy, vil være til bruk på operativt nivå – skolene (og alle skoler i hele regionen har bidratt inn på alle deler av prosjektet).
- Betydelig med økonomisk tilskudd fra fylkesmannen. Tilskuddet har gjort det mulig å ansette en svært dyktig prosjektkoordinator som til en hver tid har kontroll på prosjektets rammer og innhold; utvikling, milepæler, tidsfrister, økonomi, at alle leverer, skreddersøm av produkt osv. (Kompetansegruppe skole er styringsgruppe)
- Betydelig innsats fra alle kommuner, og spesielt Aukra, Midsund, Molde og Vestnes, som utgjør arbeidsgruppa i prosjektet (I andre prosjekt og annet fagsamarbeid er det gjerne andre kommuner som «drar» deler av arbeidet)

Prosjektet avsluttes sommeren 2013.

I 2010 og 2011 kjørte kompetansenettet og PPT-kontorene et større fagsamarbeid i forbindelse med språkstimulering i forhold til barn i overgangen mellom barnehage og skole.

Ved at kompetansemiljøene i hver kommune møtes til samarbeid blir effekten inn i den enkelte kommune mer rasjonell omsetting av styringssignal inn i praksisfeltet. I tillegg er denne type samarbeid økonomisk rasjonelt. En rekke saker blir gjennom et arbeidsår satt på sakskartet, og nytten av erfaringsdeling er svært stor.

Kompetansegruppe barnehage

Kompetansegruppe barnehage benyttes aktivt for å styrke samarbeid og barnehagefaglig kompetanse på kommunenivå. Det styrker kvalitet på tjenesten å veksle på hverandres kompetanse og erfaring. Det er viktig for regionen å kunne gi god kvalitet til brukerne i alle kommuner og at det kan satses på fellestiltak. Sammen arbeider kommunene med prosjekt som kan styrke regionen. Medlemmer i kompetansegruppen deler på verv der regionen skal være representert. Dette gjelder mellom anna i fylkesmannens møter med regionskontakter, i nettverk for rekruttering av førskolelærere GLØD, i arbeidsgruppe for likestilling, i rådet for kompetanseutvikling.

Gjennomgående er kompetansegruppen en arena der aktuelle lokale og nasjonale barnehagesaker drøftes og tiltak iverksettes. Det mest synlige samarbeidsprosjektet over tid har vært Romsdalsk barnehagestemne. Dette er en fagdag som tilbys samtlige barnehageansatte i kommunale og private barnehager. I oktober 2012 ble 10-årsjubileum for stemnet markert. Fra den spede start i 2002 med ca 250 deltakere, har det de siste åra vært ca 800 deltakere. Regionssamarbeidet har ført til at kommunene har kunnet tilby kurs med anerkjente nasjonale og internasjonale forelesere til en svært gunstig pris. Kostnad per deltaker i 2012 var totalt kr 528.- .

Formålsparagrafen i barnehageloven ble endret i 2010 og begrepet oppdragelse ble erstattet med begrepet danning. I den forbindelse ønsket kompetansegruppen å legge til rette for et regionalt prosjekt og søkte fylkesmannen om prosjektmidler. Det ble innvilget kr 225 000.- og «DANNING i Romsdalsbarnehagene – om det å være menneske» ble en realitet. Samtlige kommunale og private barnehager i regionen fikk tilbud om å delta. I alt 15 barnehager og totalt ca 220 ansatte takket ja til tilbudet. Dette har vært et viktig kompetansehevingstiltak for deltakerne og er et prosjekt som kompetansegruppen ønsker å videreføre.

RPPT arbeider med:

- utveksling av kompetanse mellom PPT-kontorene i Romsdal, slik at brukerne i den enkelte kommune i større grad kan dra nytte av den samlede fagkompetanse i regionen
- samarbeid, utvikling og utveksling av kompetanse og erfaring mellom PPT-kontorene i regionen og mellom PPT og andre instanser som arbeider med barn og unge
- faglig videreutvikling i regionen gjennom bl.a. arbeid i nettverksgrupper, hospitering og felles prosjekt med høgskole, universitet og kompetansesenter
- styrke PPT sin rolle som systemarbeider / rettleider for skole og barnehage i samsvar med nasjonale føringer
- bidra aktivt som sakkyndig instans i arbeidet med tidlig innsats (tilføyelse 2012)

Økonomi

Fordeling av utgifter for 2012.

Kommune	Andel i %	Egenandel
Aukra	6 %	11604
Eide	6 %	11604
Fræna	15 %	29009
Gjemnes	4 %	7736
Midsund	3 %	5802
Molde	40 %	77357
Neset	5 %	9670
Rauma	11 %	19339
Vestnes	12 %	21273

Fordelingen baserer seg på antall årsverk i kommunene regulert etter siste KOSTRA-tall. Totale kostnader for koordinatorstillingen for 2012 var 193 393 kroner.

Framtidige arbeid og planer

Statlige satsingsområder knyttet til lovverk og forskrifter, men også føringer som legges i Storting og regjering, er retningsgivende for kommunens innsats i barnehage og grunnskole. Kompetansekravet til de som skal undervise er forsterket i lovverket, og signal som er gitt gjennom forarbeid til ny barnehagelov, legger nye føringer for kompetanse og pedagogisk bemanning i barnehagene. Kommunene i regionen har et økende behov for nye lærere da det generelt er høy gjennomsnittsalder på ansatte i undervisningsstillinger. I stor grad er det skoleeierens og kommunens ansvar å sørge for å ha riktig kompetanse og bemanning i sine utdanningsinstitusjoner, mens statlige myndigheter må sørge for at det gis tilstrekkelig tilbud om utdanningsplasser ved høyskoler og universitet. Kunnskapsdepartementet har da også i samarbeid med KS, utdanningsorganisasjonene og andre samarbeidspartnere lagt opp til særlige satsinger for rekruttering av studenter til lærer- og førskolelærerutdanning der målet er å øke fokus på pedagogisk arbeid, gjøre det attraktivt for ungdom som står foran utdanningsvalg. Vi vil trenge engasjerte pedagoger som skal forme framtidens skole og barnehage, og kanskje er dette den aller viktigste satsinga i vår tid.

Gjennom Ny Giv setter Kunnskapsdepartementet fokus på frafallet i videregående skole. Ved at det settes inn ekstra støt for elever i siste fase av ungdomsskolen, gir også signal om at årsakene til frafallet er å ligge nettopp i grunnopplæringa. Ny Giv skal fange opp elever som har mistet

eller er i ferd med å miste grepet om læringa, og legger til rette for ekstra innsats og motivasjon for å forbedre resultater, og dermed være bedre rustet til videregående opplæring. Satsinga betyr også tilbud om faglig og pedagogiskkompetanseheving for ett par lærere ved skolene som deltar.

Vurdering har alltid hatt et fokus i skolen, men er like fullt et område som er tillagt ekstra satsing de siste åra. Vurdering er ikke bare å måle et resultat eller innsats, men skal legge et viktig grunnlag for samhandling mellom elev, heim og skole. Ikke minst legges det betydelig vekt på elevens egen opplevelse av mål, forventninger og resultat, der betydning av vurdering også vil fokusere på lærerens rolle og styring av prosesser og strategier for å nå læringsmåla. Til sist vil det legge grunnlaget for skoleeiers prioriteringer og rammer. Fra og med kommende skoleår blir kommuner i Møre og Romsdal invitert til å være med på satsinga Vurdering for læring. Det er gitt signal om at kommuner kan slå seg sammen, og Kunnskapsnett Romsdal vil kunne være en avgjørende faktor som tilrettelegger for kompetanseheving, nettverksarbeid og oppfølging av skolene og kommunene i regionen.

Kunnskapsnett Romsdal har nylig avsluttet kompetanseheving for førskolelærere og ansatte på 1.-4. årstrinn i grunnskolen om språk og språkutvikling som grunnleggende ferdighet i lese- og skriveopplæring. Kurstilbudet over fire semester og nettverksarbeid i kommunene hadde overveldende deltakelse med mer enn 220 deltakere fra samtlige kommuner i regionen. I samarbeid med høyskolen i Volda, har kunnskapsnettets startet opp desentralisert kurstilbud for barnehagene i regionen om begrepet danning med utgangspunkt i barnehagelovens formålsparagraf.

Som et overbyggende organ, vil Kunnskapsnett Romsdal være en viktig medaktør og samarbeidspartner på områder der kommunen hver for seg har mindre økonomiske ressurser og reduserte stillingsressurser til å gjennomføre regionale og statlige satsinger. Dette gjelder: Våren 2013 legges ny stortingsmelding om kvalitet i barnehagen «Framtidens barnehage» fram. Videre arbeides det nå med ny lovgivning for barnehagene; NOU 2012: Til barnas beste. Barnehagesektoren er i stor vekst og utvikling. Det er viktig for regionen å styrke fagmiljø, noe Kunnskapsnett Romsdal bidrar til. (flyttes til "framtidige planer")

Barnehage

- Danning som en del av formålsparagrafen. Kompetansehevinga har startet i regi av Kunnskapsnett Romsdal
- Innføring av ny lov
- Inngå forpliktende samarbeid med universitet og høyskole om kompetanseheving.
- Bemanning og rekruttering – sikre bemanning i samsvar med retningslinjer gitt i lov
- Legge til rette for desentralisert grunn-, etter- og videreutdanningstilbud i regionen eller i samarbeid med tilstøtende regioner.
- Omdømmebygging om det å arbeide i barnehage

Grunnskole

- Fylle kompetansekrava i opplæringsloven
- Innsats for å forhindre frafallet i grunnskolen
- Fokusere på å ta bruk alle sider av vurdering ved deltakelse i Vurdering for læring
- Rekruttering til lærerstillinger i regionen
- Kompetanseheving, - samarbeid med høyskoler og universitet om desentraliserte tilbud.

Koordinatorers arbeidsoppgaver:

Koordinatorstillingen omfatter oppgaver knyttet kunnskapsnettets virksomhet. Oppgave å koordinere kompetanseutvikling lokalisert i Romsdalsregionen.

Kurs- og møtevirksomhet

Praktisk tilrettelegger og sekretær i alt arbeid rundt kurs og møtevirksomhet i nettverkets regi.

Vedlikehold av nettsted:

Koordinator sørger for at Kunnskapsnett Romsdal blir promotert på best mulig måte. I dette ligger det å gjøre nettsiden oppdatert og interessant. Sidens informasjon må ajourføres og referater fra nettverkets arbeid skal legges ut.

Vurdering:

Rådmannen meiner det er viktig å delta i dette nettverket for å dra nytte av den kunnskapen som delast og tilbakeførast, slik at Midsund kommune halder seg oppdatert skolefagleg.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Årlig utgift til felles koordinatorteneste er 3 prosent av ei 25 % stilling og tilsvarar om lag 6000 kroner årleg i perioden 2013-2015.

Ketil Ugelvik
Rådmann

Lasse Alexander Strømme
Rådgevar oppvekst



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2012/250-15

Arkiv: L32

Saksbeh: Inge Rakvåg

Dato: 03.05.2013

Saksframlegg

Klagebehandling for Støttnesvegen - Namnsetting av vegar og adressering i Midsund sentrum

Utvalsak	Utval	Møtedato
13/22	Formannskapet	13.05.2013
	Kommunestyret	

Forslag til vedtak:

Saksutgreiing:

Viser til K - sak 13/9 av 14.02.13 og K - sak 13/16 av 21.03.13

I brev av 19.03.13 frå Statens kartverk klagar dei på vedtaket i K sak 13/9 vedk. namn på vegen Støttnesvegen ned til Stuttneset. Statens kartverk vil ha Stuttnesvegen.

Tidlegare behandling av Støttneset/Stuttneset, namn på neset, (menge stadnamn i ei sak):

K - sak 27/93 -vedtak om vidare prosess.

K - sak 11/94 - vedtek Støttneset som namn på neset.

Utdrag av brev frå Statens kartverk av 14.02.94:

26 Støttneset

Stuttneset

VURDERING/VEDTAK

Dei fleste naturnamn blir som kommunen hevdar uttala "støttneset". Det som kan vera tvilsamt er om det her har stått ei støtte frå gammalt av, i så fall ville truleg uttalen vere støttneset. Truleg kjem namnet av "det korte neset" frå gammalt av ville det gje uttalen "støtt" i Romsdalsmålet men med ordboksførma stutt.

Vi viser til § 4 i stadnamnlova og held fast ved skrivemåten Stuttneset.

K - sak 79/94 - klagebehandling av namnet Støttneset, (neset)

- Midsund kommunestyre held fast på Støttneset som namn på neset.

Endeleg vedtak frå Statens kartverk av 17.12.1995:

Klagesak 87/95 Stuttneset, Midsund kommune, Møre og Romsdal

Namn: Stuttneset eller Støttneset

Namnetype: Naturnamn

Vedtaksorgan: Statens kartverk, jf § 6 fjerde ledd

Saka reist av: Midsund kommune, jf § 6 første ledd bokstav a

Klagar: Midsund kommune, jf § 8 første ledd

Nemndas samansetjing under behandlinga: Kirsti Strøm Bull (leiar), Oddlaug Bringe Walaker, Peter Hallaråker

Saksgang:

I samband med revisjon av nykartlegginga av Midsund sentrum med omland gjorde kommunen framlegg om skrivemåten Støttneset. Namnet har skrivemåten Stuttneset på den nyaste utgåva av N50-kart 1220-3 Brattvåg, men var ikkje brukt på den gamle kartutgåva, og det er heller ikkje brukt på ØK. På sjøkartet er skrivemåten Støttnes. Førebels tilråding frå namnekonsulentane var Stuttneset, men kommunen heldt på Støttneset i høyringsrunden. Den endelege tilrådinga frå namnekonsulentane var også Stuttneset, og Statens kartverk Møre og Romsdal følgde denne tilrådinga og vedtok Stuttneset som skrivemåte. Vedtaket vart gjort kjent for kommunen som klaga vedtaket. Saka vart på ny lagd fram for namnekonsulentane, som vart ståande ved den opphavlege tilrådinga si. Også Statens kartverk Møre og Romsdal vart ståande ved vedtaket sitt, og saka vart send til klagenemnda.

Argumentasjon

Namnekonsulentane tek utgangspunkt i at uttalen er registrert som /støttne:se/ i Stadnamnprosjektet for Møre og Romsdal. Dei reknar det som sikkert at førsteleddet er adjektivet stutt, som er uttala /støtt/ med ø i dialekten. Kommunen grunngjev ikkje sitt ønske.

Nemndas vurderingar:

Ved fastsetjing av skrivemåten skal utgangspunktet vere den nedervde lokale uttalen, samtidig som ein skal følge gjeldande rettskrivingsprinsipp, jf § 4 første ledd i lov om stadnamn. I dette tilfellet er den nedervde lokale uttalen /støttne:se/, og dersom ein skal leggje hovudvekta på denne uttalen, vil skrivemåten måtte bli Støttneset, slik kommunen ønskjer. Namn som inneheld allment kjende ord eller namneledd, skal likevel som hovudregel skrivast i samsvar med gjeldande rettskriving, og ein skal velje den hovud- eller sideforma i rettskrivinga som høver best med den nedervde uttalen, jf § 2-3 første ledd i forskriftene. I dette namnet er førsteleddet stutt, og rettskrivinga har berre denne eine forma. Dersom ein følgjer hovudregelen, vil skrivemåten derfor bli Stuttneset. Nemnda har vurdert om det finst sterke nok grunnar til å fråvike hovudregelen i denne saka, men har ikkje funne slike og fastset skrivemåten til Stuttneset.

Nemnda gjorde slikt

VEDTAK:

Som skrivemåte blir fastsett: STUTTNESET

Oslo 7.12.1995

Vurdering:

Namnet på neset Stuttneset blei avgjort av Statens kartverk den 7.12.1995.

Her er det to hovudprinsipp:

A)

Utgangspunkt – nedarva lokal uttale: Søtnæ:se

B)

Følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp: Suttneset.

I saka frå 1995 vart konklusjonen at ein vektlegg å følgje gjeldande rettskrivingsregel og konklusjon vart: Stuyttneset.

Namnet på vegen skal gjenspeglast i områdenamn, då blir vegnamnet Stuttnesvegen, etter namn på neset.

Skal namnet på vegen vere Støttneset må ein starte ny namnesak, spørsmålet er kor mykje tid og resursar ein vil bruke på denne saka.

Konklusjon.

Innstillinga til rådmannen i K - sak 13/9 var Stuttnesvegen.

Rådmannen lagar difor ikkje ny innstilling til denne saka.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Alt ettersom kva som blir vedteke som namn.

Ketil Ugelvik
Rådmann

Inge Rakvåg
Teknisk sjef

Vedlegg (prenta): Ingen

Vedlegg (uprenta): Mappe

Særutskrift går til: Statens kartverk



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2013/236-2

Arkiv: 026

Saksbeh: Oddny Grete Gangstad

Dato: 03.05.2013

Saksframlegg

Forskrift for tvungen renovasjon i RIR kommunane

Utvalsak	Utval	Møtedato
13/23	Formannskapet	13.05.2013
	Kommunestyret	

Forslag til vedtak:

Midsund kommune vedtek ny renovasjonsforskrift som framlagt.

Forskrifta har verknad frå så snart alle RIR-kommunane har gjort tilsvarende vedtak, og forskrifta er kunngjort i Norsk Lovtidend.

Saksbehandling:

Midsund kommune har frå RIR motteke forslag til "Forskrift om tvungen renovasjon i RIR-kommunane for endeleg behandling. Forskrifta har vore utlagt til off.ettersyn med uttalefrist 15.09.2012. Forskrifta er no ferdig utarbeida og behandla i nødvendige organ og det er meint at den skal bli vedteken likelydande i alle eigarkommunane.

I henhold til Forurensingsloven (§30) kan kommunen fastsette egen forskrift for renovasjon. RIR-kommunene har hatt en slik forskrift siden oktober 1999. Det sentrale lovverket er endret siden da, det samme har praksis på noen av områdene som forskriften regulerer. Det er derfor nødvendig å revidere forskriften.

I følge selskapsavtalen for RIR IKS skal eierkommunene ha likelydende forskrifter for renovasjon.

Den største endringen i den nye forskriften er at tømning av slamavskillere, tette tanker mv. er tatt ut og vil komme i egen forskrift. Arbeidet med en egen slamforskrift er ikke sluttført, slik at denne vil komme til vedtak senere, etter en ny høringsrunde. Som det framgår av høringsuttalelsen fra Molde kommune kan det være hensiktsmessig å se behovet for oppfølging/tilsyn med de private avløpsanlegg og ansvar for utslippstillatelser sammen med tømning av slike anlegg.

Ellers er forskriften forenklet mest mulig, Bl.a. er 7 sider med kommentarer til den forrige forskriften tatt ut. I forbindelse med den juridiske kvalitetssikringen framgår det at kommentarene bare er å betrakte som interne retningslinjer for RIRs praktisering av forskriften.

I forskriften brukes begrepet "kommunen" som avhengig av delegasjonsvedtak i kommunen, kan være RIR IKS. Det vil si at forskriften åpner for at eierkommunene står fritt i om de vil delegerer til RIR eller ikke, oppgaver i forbindelse med renovasjon. Ett eksempel på en slik oppgave er behandling av dispensasjonssøknader i § 12.

Konsekvenser

Siden endringene er mest av språklig karakter, er det ingen nye økonomiske eller administrative direkte konsekvenser av denne forskriften. Forskriften åpner imidlertid for at kommunen kan delegerer flere oppgaver til RIR. For styret og representantskapet i RIR har det vært viktig at tjenestene er like for alle abonnenter, uavhengig av hvilken kommune han/hun bor i. Når det gjelder dispensasjonsbehandling blir denne i dag utført i den enkelte kommune.

Høringsuttalelser

Forskriften ble lagt ut til offentlig høring i juni 2012 med høringsfrist 15.09.2012. Innen fristen var det kommet 3. uttalelser: RIRs administrasjon har behandlet uttalelsene og gitt sine kommentarer i kursiv.

1 Molde kommune

Molde kommune har 2 innvendinger mot høringsforslaget:

- Kommunen må være klageorgan.

RIR oppfatter innvendingen som relevant for d vedtak som er fattet i kommunen, men siden denne forskriften åpner for at RIR også kan fatte enkeltvedtak dersom kommunen har overlatt dette til RIR, må teksten gi rom for at ulike forvaltningsorgan kan behandle en klage. Teksten er skrevet om. Innvendingen anses derfor imøtekommet.

- Egen forskrift for slamtømming.

Etter samtaler med alle kommunene, bl.a. møte med rådmennene konkluderte RIR med at Moldes krav ble etterkommet. Det blir derfor igangsatt et eget arbeid med å utvikle en ny forskrift for slamområdet. Innvendingen er imøtekommet.

2 Nesset kommune

Nesset kommune har 3 innvendinger mot høringsforslaget:

- Hytterrenovasjon i tettbygd strøk.

RIR har gjennom lengre tid diskutert løsning på renovasjon for hytter/fritidshus i tettbygd strøk, spesielt med Nesset kommune i forbindelse med Eidsvåg sentrum. RIR sin holdning har tidligere vært at disse må ha (og betale for) standard husholdningsrenovasjon. Grunnen for dette er at det ikke er praktisk mulig å ha hyttecontainere i tettbygd strøk. Misbruk av slike containere er ikke mulig å unngå. RIR tar nå Nessets kommentar til følge og tar den omstridte setninga ut. RIR vil i stedet for å forskriftsfeste standardabonnement for hytter i tettbygd strøk, i samarbeid med den enkelte kommune utarbeide andre løsninger, basert på standard dunkstørrelse.

- Klagebehandling i kommunen.

Teksten er skrevet om. Se kommentar under Moldes høringssvar.

- Hyttecontainere må kunne settes ut i tettbygd strøk.

Innvendingen refererer seg til kommentarene til forskriften. Kommentarene er tatt ut.

3. Maskinentreprenørenes forbund.

MEF har 1 innvending mot høringsforslaget.

- ønsker en åpnere formulering i § 4 om innsamlingsansvaret.

RIR har ingen innvendingar til en slik endret formulering. Teksten er endret.

Etter fristen har det kommet 1 uttalelse som også er kommentert.

4. Aukra kommune.

Aukra kommune har i saksframlegg merknader til 3 av paragrafene og gjennom vedtak i formannskapet et krav om at forskriften utarbeides på nynorsk.

Slik RIR forstår Lov om målbruk i offentlig teneste (§5) er RIR i sin kommunikasjon bundet av denne loven, men når RIR skal uttale seg felles på vegne av de 7 kommunene, kommer § 7 til anvendelse. Her sies det at da skal "fleirtalsmålforma" benyttes. I våre kommuner blir dette bokmål. Det vil dessuten ikke bli godkjent som en likelydende forskrift av Norsk Lovtidend dersom det lages en nynorsk og en bokmålsvariant av forskriften. RIR kan derfor ikke se at vi kan imøtekomme kravet fra Aukra kommune.

- Abonnentenes ansvar for plassering av beholderne i § 5.

Oppsamlingsenhetene skal plasseres maksimalt 3 meter fra vegkant. Dette har vært praksis i mange år og ble innført i forbindelse med bruk av sidelaster på noen av renovasjonsbilene. Hentearmen på en slik sidelaster har maks rekkevidde 3 m. RIR ser ikke noen annen mulighet enn at ansvaret ligger på abonnenten for at oppsamlingsenheten (beholderer) plasseres tilgjengelig på plant underlag, slik at den ikke velter og at renovatøren kan få tak i den. Merknaden ikke imøtekommet.

- Abonnentens ansvar for skadet/bortkommet beholder i § 6.

Det er ikke her foreslått noen endring i forskriften. RIR har plassert ut store verdier i oppsamlingsutstyr og må overlate tilsynet med dette utstyret til abonnenten. De fleste

skader på utstyret skyldes i praksis renovatørens håndtering av dunkene, og erstattes da også av renovatøren. Merknaden ikkje imøtekommet.

- Uenig i at en abonnent står som ansvarlig ved deling av abonnement i § 9.

For ansvaret for oppsamlingsutstyret og plassering på hentedag (se ovenfor) vil RIR kun ha en person å forholde seg til. Noe annet vil kunne bli svært vanskelig, siden RIR ikkje vil gå inn i en diskusjon om hvem som er ansvarlig i en slik situasjon. Når det gjelder størrelsen på gebyret blir dette naturlig nok ikkje forskriftsfestet. De ulike satsene er for øvrig opp til kommunestyret årlig å bestemme, og alle kommunene avviker i dag fra RIRs forslag (standarabonnement). Men ved deling av abonnement er det rimelig at hver av delene betaler mer enn halvparten. Av erfaring vil en slik dunk inneholde mer avfall/være fullere enn et vanlig abonnement. Merknaden ikkje imøtekommet.

Ketil Ugelvik
rådmann

Oddny Grete Gangstad
saksbehandlar

Vedlegg (prenta): Vedl. I – Brev frå RIR
Vedl. II – Ny forskrift
Vedl. III – Høyringsssvar frå Nesset kommune
Vedl. IV –Høyringsssvar frå Molde kommune
Vedl. V - Høyringsssvar frå Aukra kommune
Vedl. VI – Høyringsssvar frå MEF
Vedl. VII- Høyringsdokument frå RIR

Vedlegg (uprenta): Komplette saksmappe

Særutskrift går til: RIR
Teknisk



Midsund kommune
Økonomikontoret

Arkivsak: 2013/4-5

Arkiv: 251

Saksbeh: Anne Oterhals

Dato: 04.04.2013

Saksframlegg

Husbanken - Låneopptak vidareutlånsmidlar

Utvalsak	Utval	Møtedato
13/25	Formannskapet	13.05.2013
	Kommunestyret	

Forslag til vedtak:

1. Midsund kommune søker Husbanken om samla bevilgning på 4 000 000,- i startlån for vidare tildeling.

2. Budsjettendring 2013

Investeringsbudsjett Prosjekt 920 Startlån endrast til kr 4 000 000,- i utlån og tilsvarande til bruk av lån

Saksutgreiing:

Startlån tildelast kommunane frå Husbanken for vidare utlån. Startlån skal bidra til å skaffe og sikre eigna bustader for unge og vanskelegstilte i bustadmarknaden. Startlån skal vere eit finansieringstilbod for bustadtiltak der søkjar ikkje får lån i ordinære kredittinstitusjonar.

Rådmannen gjer vedtak om tildeling av startlån

Talet på søkjarar har vore høgt det siste året. I 2012 tok vi opp 5 000 000,- i lån i Husbanken til vidare utlån og desse er no lånt ut.

Midsund kommune hadde per 31.12.2012 samla utlån på 7.9 million kroner og ubrukte lånemiddel på 1.2 million kroner.

Rådmannen legg seinare fram eiga sak om reglement for tildeling av startlån.

Vurdering:

Rådmannen meiner det er viktig at kommunen kan tilby startlån som finansiering for dei som ikkje får lån i bank eler som fullfinansiering saman med private banklån.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Kommunen har ein tapsrisiko på dei første 25 prosent av restgjelda på tapstidspunktet og staten dei resterande 75 prosent. Sjå vedlagte forskrift om startlån frå Husbanken

Midsund kommune har fram til no ikkje hatt tap på startlån

Ketil Ugelvik
rådmann

Anne Oterhals
økonomisjef

Vedlegg (prenta):

Forskrift om startlån frå Husbanken

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:

Økonomikontoret
Komrev3IKS



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2013/239-1
Arkiv: 004
Saksbeh: Ketil Ugelvik
Dato: 22.04.2013

Saksframlegg

Årsrapport 2012

Utvalsak	Utval	Møtedato
13/5	Oppvekst- og kulturutval	07.05.2013
13/9	Helse- og omsorgsutval	02.05.2013
13/26	Formannskapet	13.05.2013
	Kommunestyret	

Forslag til vedtak:

1. Årsrapport 2012 for Midsund kommune, som inneheld årsmelding og årsrekneskap, vert godkjend. Driftsrekneskapen viser eit mindreforbruk på kroner 1.112.176,88. Investeringsrekneskapen viser sum udekka/udisponert med kr 0.
2. Rekneskapsmessig mindreforbruk på kroner 1.112.176,88 vert avsett til disposisjonsfond.
3. Finansrapporten per 31.12.2012 som ligg ved årsrapporten vert tatt til vitande.

Saksutgreiing:

Rådmannen har utarbeidd årsrapport for 2012, jf kommunelova §48.1, om kommunen sin plikt til å utarbeide årsmelding og årsrekneskap. Kommunelova § 48 seier meir om innhaldet i årsrapporten.

Årsrapporten er ei samla framstilling der årsmelding og årsrekneskapen med revisjonsmelding, samt finansrapport for 2012 vert lagt fram til politisk behandling.

Årsrapporten gir ein gjennomgang kva Midsund kommune produserte av tenester i 2012. Rapporten seier og noko om omfang, kvalitet og dei ulike tenestene sin ressursbruk.

Med fokus på innhald, struktur og utforming håper rådmannen at årsrapporten og kan fungere som eit informasjonsdokument for innbyggjarane, næringsliv og andre.

Driftsrekneskapen for 2012 viser eit mindreforbruk på kroner 1.112.176,88, av dette utgjer momskompensasjon kroner 459.000. Investeringsrekneskapen viser sum udekka kroner 0. For fleire detaljar og informasjon, viser rådmannen til årsrapporten.

Vurdering:

Ein viser til revisjonsmelding og vedlagt årsrapport.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Mindreforbruket på kroner 1.1 million kan avsetjast til disposisjonsfond.

Ketil Ugelvik
Rådmann

Vedlegg (prenta):

Årsrapporten

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Kommunerevisjon
Økonomikontoret